


# ÅRSMELDING 2021



## FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd  
Sak 004/22

# **Innholdsfortegnelse:**

- A. INNLEDNING v/leiar
- B. MENIGHETENS FRIVILLIGE OG ANSATTE
- C. DE ULIKE ARBEIDSGRENENE
- D. TROSOPPLÆRING
- E. VOKSENARBEID
- F. DIAKONI/MISJON
- G. KIRKEMUSIKK
- H. ØKONOMI
- I. INFORMASJONSARBEID



## A. Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2021

Me har allereie skrive 2022 ei tid og det er på tide å sjå tilbake på året 2021 i ei årsmelding.

2021 var nok eit spesielt kyrkjeår. Koronen har dette året, som året før, prega gudstenestelivet. Sommaren 2021 blei samfunnet åpna opp og ein kunne halda gudstenester som normalt. Hausten blei det nedstenging igjen og kyrkjeåret blei avslutta med strenge restriksjonar. I skrivande stund er dei fleste restriksjonar avslutta og me håpar på eit meir normalt år for 2022.

Den største aktiviteten me driv er gudstenestene og derfor er det naturleg at denne blir jobba mest med og forsøkt å bli så god den kan for å næra kristenlivet i soknet. Når det gjeld oppmøtet har dette naturleg vore lågare enn normalt. «Store» gudstenester som jul, 17.mai og konfirmasjon har vore avlyst eller vore haldne med antallsavgrensingar. I 2020 (begynnelsen av nytt kyrkjeår) blei det på Fjotland halda to julegudstenester på julafta for å gje eit tilbod til flest mogleg. Både Fjotland og Netlandsnes hadde påmelding for gudstenestene. Konfirmasjonsgudstenen blei ein flott gudsteneste, men med antallsrestriksjonar. Det blei ikkje halda fest for konfirmantane på vanleg vis. Me hadde ei utandørs samling etter samtalegudsteneste med pølser og kaker. Dette blei eit greitt alternativ.

Ein har halde noen aktivitetar for born under gudstenestene i periodar av året. Lovise som har hovudansvar for desse gjer ein flott jobb i forhold til borna. Me er framleis med i sundagsskulekonseptet. Me har òg fleire unge/born som likar å delta med song, vera med i forbøn og elles bidra med ulike ting. Det er veldig positivt. Arbeidet som blir gjort i gudstenesteutvalet er òg viktig. Eit siste aspekt som må nemnast når det gjeld gudstesenene er alle frivillige som deltek som kyrkjevertar, i forsongerkor og frivillige klokkarar.

Av aktivitetar som skjer utanom gudstenesten kan nemnast kveldsbønn. Desse kveldsstundene har me halde gjennom heile året. I tillegg har det blitt halde andakt på Fjotland omsorgsenter. Det er ikkje blitt halde noen konserter dette året.

Dette året har me òg jobba med ny gudstenesteordning. Her tek ein stilling til ulike gudstenesteledd og kyrkjemusikk. Me prøvde å samordna dette med Feda og Kvinesdal. Mye blei likt, men det blei eit skille når det gjeld kyrkjemusikk. Kvinesdal og Fjotland gjekk inn for å søkja om å framleis bruka Sverre Efestøl sin musikk. Det er òg blitt jobba med høyringa om ny organisering av Den norske kyrkje. Fjotland saman med Feda og Kvinesdal leverte inn sitt svar og kva som blir den endelege ordninga er ikkje klart ennå.

Dette året kom den leie meldinga om at Sverre forlet Fjotland og Feda for å starta som prest i Lyngdal. Det er alltid trist å mista tilsette. Nok ein gong måtte ein starta arbeidet med å tilsetta ny prest. Ved sluttdato for utlysning, 1.aug., var det kun ein søker. Det flotte var at det var ein god søker og me var glade då me kunne ønska Dag Kvarstein velkommen som ny prest i soknet vårt. Dag hadde sin første gudstenste i Fjotland sundag 7.november, med prost Geirulf Grødem og medlem av bispedømmeråd, med i gudstenesten. I tillegg til dette slutta Espen Rogstad i stillinga si som kyrkjeterar. Tom John overtok stillinga som kyrkjeterar frå 1.mai og det er flott å ha Tom John som medarbeidar. Me er òg glade for at Ådne Svalastog er tilbake i jobben etter bytte med Geir Kalleberg. Denne bytteperioden gjekk bra og det var fint å bli kjent med Geir.

Me vil i denne årsmeldinga takka alle som bidreg både frivillige og tilsette. Me er takknemlege for alt arbeid som blir gjort for kyrkjelyden vår. Og sist, men ikkje minst vil me takka kvar enkelt som finn vegen til kyrkja!

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

## **B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE**

### **SOKNERÅDET**

Marit Homme, Espen Rogstad, Birgitte Kvinlaug, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl  
Harbakk Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Heidi Lindefjeld, Sverre Elgvin Lied/-Dag Kvarstein fra 1. nov.

### **GUDSTJENESTEUTVAL**

Judith Kvlland Rogstad, May Britt Helle, Heidi Lindefjeld, Sissel Eftestøl Harbakk, Sverre Elgvin Lied/Dag Kvarstein fra 1. nov. Organist Geir Kalleberg med fram til Ådne Svalastog starta igjen 1.august.2021.

### **SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:**

Marit Homme, Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Vara: Sissel Eftestøl Harbakk, Birgitte Kvinlaug

### **KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP**

Marit Homme

### **FRIVILLIGE KLOKKARE:**

Odd Stakkeland, Espen Rogstad, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

### **MENIGHETSBLADET TREKLANG**

Per Øistein Rogstad (redaktør) Merete Breimoen, Åse P. Skiftun og Sverre Elgvin Lied

### **ANSATTE KIRKEKONTORET:**

Sokneprest i Kvinesdal: Gunn Hanne Elvebakk

Sokneprest i Feda og Fjotland: Sverre Elgvin Lied fram til 19.okt. 2021

Ny sokneprest Feda og Fjotland: Dag Arnulf Kvarstein fra 1.nov. 2021

Diakonimedarbeider: Frank Arne Hammerø

Trosopplærer: Cathrine Rafoss Aagedal

Organister: Ilze Junzeme, Ådne Svalastog fra 1.august.

Kirkeverge: Per Øistein Rogstad

Adm. sekr: Turid Nedland

Sekretær: Sylvi Vatland

Kirkegårdssarbeidere: Djoerd Van Kammen, Terje Vatland (til 01.08.2021), Tor Henning Vatland 1.okt. 2021

Tobias Ueland Håland 15.sept. 2021

Kyrkjeter i Fjotland: Espen Rogstad fram til 30. april 2021. Tom John Versland overtok fra 1. mai.

Kyrkjeter/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell ,Tor Alsvik, Jenny Alsvik Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

## **C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER GUDSTENESTENE**

År	2017	2018	2019	2020	2021
Antall gudstenester	32	33	34	30	29
Gj.snitt gudstenestebesøk	54	53	61	40	37
Gj.snitt nattverdgjester	21	32	31	29	27
Samla offergåver	68854	85350	100791	103832	70725
Dåp	4	7	5	8	6
Konfirmerte	9	0	6	8	9
Vielser	2	2	3	0	1
Gravferd	14	8	11	2	11

## **GUDSTENESTENE**

Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling. Det er derfor stadig vårt mål å få fleire med på gudstenestene. Mellom anna har vi hatt fokus på involvering av barn og unge i gudstenestene og at det skal være tilbod om sundagsskole på dei fleste 11-gudstenestene – når det ikkje er familiegudsteneste.

På grunn av koronasituasjonen har mange gudstenester vorte avlyste og erstatta med digitale videogudstenester som har vore felles for alle tre sokn. Det har heller ikkje vore mogleg å gjennomføre sundagsskole som planlagt. Når det har vore mogleg å kome fysisk saman til gudsteneste, har det i store deler av året vore med en maksgrense på 50.

Når det gjeld julaftan, var det ein gudsteneste der det kunne være maks 50.

Heilsakapsinntrykket frå tidlegare år er at situasjonen er ganske stabil i Fjotland sokn.

## **GUDSTENESTEUTVAL**

Gudstenesteutvalet har hatt 2 møter.

## **SOKNERÅDSMØTER.**

Fjotland sokneråd har hatt 6 møter og behandla 19 saker.

## **D.TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING**

### **SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER**

Det var påskevandring med besøk av 1. og 2. klasse i kyrkja.

Det var og halde bibelkurs for 5. kl på skulen.

Skulegudstenesten før jul i Fjotland kyrkje blei avlyst grunna korona.

### **FAMILIEGUDSTENESTER**

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringar dette året. Det har vore opp imot 100% oppmøte på alle desse utdelingane.

### **JULEVANDRING**

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skodespel, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas bodskap gjennom oppleveling og aktiv deltaking.

**Fjotland barnehage var med på julevandring.**

### **BABYSANG**

Babysong er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysong er på menighetssenteret i Kvinesdal. Oppleget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom ca. 40 babyar med mødre/fedre.

**Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.**

### **LYSVAKEN**

Det var ikkje lysvaken i Fjotland dette året.

### **TÅRNAGENTAR**

Det blei ikkje tårnagenthelg i Fjotland dette året. Tårnagenthelg blir arrangert anne kvart år.

### **HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN**

Grunna korona blei det ikkje arrangert Heilt på jordet dette året.

## **KONFIRMANTARBEID -Konfirmantkullet 2020-2021**

9 konfirmanter fullførte høsten 2021 sin konfirmanttid. På grunn av koronasituasjonen har konfirmantopplegget for dette kullet vært noe redusert. Sosiale samvær har i stor grad vært avlyst, det samme gjelder hjemmegruppene. Det planlagte høydepunktet, KRIKs store sommerleir i Bø, måtte også avlyses grunnet korona. Heldigvis klarte vi å gjennomført en kortere leir på Knaben i stedet. Oppstartsamlinga var også på Knaben, og felles for alle konfirmantene. Lysmassa ble gjennomført for Feda og Fjotland, mens den ble avlyst for Kvinesdalkonfirmantene pga antallsbegrensninger. Samtalegudstjenesten ble gjennomført 13.juni. Konfirmasjonen skjedde 12.september.

## **Konfirmantkullet 2021-2022**

6 konfirmanter startet opp i høst og ble presentert på lysmassa i Fjotland kyrje søndag 5.desember. Vi satser på et litt mer kompakt opplegg for dette kullet, og har kun hatt to samlinger før jul, i tillegg til lysmassa/presentasjonsgudstjenesten. Den første av disse samlingene var felles for alle konfirmantene.

## **E. UNGDOM/VOKSENARBEID**

### **KRIK**

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagte samlinger finnes på [www.kvinlogbedehus.no](http://www.kvinlogbedehus.no), og på facebooksida. Samlingene er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnssonme stafettar, konkuransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med ein konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gikk. I sommer var vi også på Knabekniben (via ferrata).

## **F. MISJON**

### **MISJONSPROSJEKT**

Prosjektet STAR OF HOPE har Fjotland hatt som sitt misjonsprosjekt frå oktober 2020 og går fram til oktober 2022. Det ble samla inn kr 7.678 til det prosjektet. Misjonskontakt er Birgitte Kvinlaug.

Meir informasjon finnes på [www.starofhope.no](http://www.starofhope.no)

VI ER EN STOR FAMILIE SOM SAMMEN GIR 30 000 BARN I 12 LAND EN GOD START I LIVET.

Siste nytt på siden er store vanntanker til Haiti der disse damene kan hente rent vann!



## **G. KYRKJEMUSIKK/KONSERTER**

Forsangerkoret har delteke på fleire gudstenester.

Konserten i Netlandsnes kapell er òg blitt eit fast innslag som mange kjem for å vera med på år etter år, men også året måtte det avlysast på grunn av Covid19.

Synge jula inn ble gjennomført med fleire lokale aktørar og maksgrense på 50 tilstades.

## H. ØKONOMI

### REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokn	2021	2020	2019
Disposisjonsfond pr. 01.01.	25608	684	3952
Søndagskole	6162	7500	
Overskot	12247	24924	
Underskot			3269

Rekneskapen hadde eit mindreforbruk/overskot for soknerådet for 2021 på kr 12.247.

### Ofringar og gaver (tall for 2020 og 2019 i parantes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 27.428 (24.339, 21.946)
Kyrkjeofringar til andre	kr 43.247 (79.493, 78.845)

### LIKESTILLING

Sammensetningen av soknerådet er et resultat av kirkevalget i 2019. I oppsett av valgliste var det et mål å få en kjønnsbalanse 60/40. Det har ikke vært begrensinger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, verv, styrende organer eller segregerende aktiviteter.

## I. INFORMASJON

### Nettside og sosiale medier

Treklang, nettsiden [www.kvinesdal.kirken.no](http://www.kvinesdal.kirken.no) og aktivitet på sosiale medier, er kyrkjelydens viktigaste informasjonskanaler. Treklang blir lest av veldig mange. Også i 2021 blei det eit godt overskot for bladet som kommer kyrkjelydane til gode.

Alle kyrkjelydane har nå eigne facebooksider. Antall følgere av de ulike sidene øker jevnt og trutt. Her er tallene for 31.12.2021 med tallene fra 01.01.2021 i parantes: Kvinesdal 733 (619), Fjotland 375 (324) og Feda 355 (317). Menighetssenteret har egen side med 533 liker (495). Fjotland kyrkje, Kvinesdal menighet og Ungdomskirken har alle instagramkontoer.

### Menighetsbladet Treklang

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2021 som de foregående årene ut med fire nummer med hver 24 sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Gjennom Treklang har folk fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet. Bladet ble trykket i flerfarge-trykk hos Fuglseth Trykkeri.

**Redaksjonen** har i 2021 bestått av Sverre Elgvin Lied, Åse Paulsen Skiftun, Merete Breimoen og Per Øistein Rogstad. Preben Forgård Lindland har hatt ansvaret for å finne noen til å skrive «Min tro» og «Min salme».

I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Per Øistein Rogstad har ansvar for grafisk formgiving.

**Regnskapet** blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet 2021 (tall fra 2020 i parantes) viser et **overskudd på kr. 24.256 (44.517)**. Trykke-kostnader var kr. 74.980 (69.368), mens porto var kr. 38.824 (38.020).

**Inntektene** består av frivillige gaver til bladets drift kr. 97.675 (116.420), samt annonser kr. 44.400 (39.200). Et solid driftsfond sikrer god likviditet, og gir grunnlag for videre satsing. Etter vedtak i styret deles overskudd mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Etter vedtak i Treklang sitt styre går et evt. overskudd til diakoniarbeidet i menighetene.

Bladet er et viktig bidrag til informasjon om ting som skjer i menighetene. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.